

# AASTAD BRÅTEN

TIL RAGNA





Vår reise inn i langeleikverda var intens. Vi ville lære alt. På ein gong. Vi tok til oss kunnskap. Åt det. Fortærte det. Høyrdé på kassettar og CD-plater av gamle spelekvinne og spelemenn. Oppretta kontakt. Inviterte oss heim til spel og mat. Og prat. Vi deltok på kappleikar, drog på dansefestar, tok på oss hotelloppdrag og styrevær. Vi var besette.

Mykje har endra seg sidan dei fyrste spekveldane hjå onkel Jørgen i Ranheimsbygda. Vi spelar ikkje like mykje i dag som vi ein gong gjorde. Leikane ligg oftare enn før pakka ned i kassene sine, under senga. Ikkje fordi vi har mist gløden eller interessa, men fordi livet tek nye retningar, endrar seg, fyllest med noko nytt – nett slik langeleiken fekk plass i livet vårt for litt over 20 år sidan. Det er òg naturleg. Men instrumenta og lattane og ikkje minst miljøet har fått ein stor plass i livet vårt sidan. Musikken har teke bustad i oss, og han har vore med på å forme oss som dei vi er i dag. Det blir aldri borte.

Takk til alle som tok imot oss, som lærte bort kvar tone, som inviterte oss med inn i eit miljø som har vore som ein heim for oss sidan. Å spela langeleik er ikkje berre ei musikalsk ytring. Det er så mykje, mykje meir.

Fagernes, 1. mai 2015  
Ole og Knut Aastad Bråten



## DET VAR EIN GONG...

30. juni 1976 kom det tvillingar i Brøta, høgt oppe i åskanten over Fagernes. Dei vaks rett nok opp nede i sjølve bygdebyen, men far deira, Tor, overtok seinare bruket, og dit flytte dei etter kvart.

Bestemor i Brøta, Borghild, spelte gitar og song. Broren Jørgen spelte fele, og det gjorde far deira også. Lenger bak i slekta var Ragnhild i Viken, som var hovudkjelda på langeleik for Ludvig Mathias Lindeman då han var på innsamling i Valdres i 1848. Det visste rett nok ingen av dei om før i seinare år, men kanskje var det likevel ei medverkande årsak til at gamleonkel Jørgen tidleg på 1990-talet kom til å laga seg fleire langeleikar?

Knut var hjå onkel Jørgen og lærte seg ein liten lått. Då Ole hørde det, kunne ikkje han vera dårlegare. Sidan har dei drive kvarandre framover, til ein førebels topp då Knut vann kongepokalen på Landskappleiken i 2006, og Ole møtte konsentrert og godt førebudd neste gong det var kongepokal i eldre folkemusikkinstrument – og tok han i 2014. Så hadde dei ein kvar.

På vegen har dei lært av mange og varierte kjelder. Etter ei grunnleggjande innføring av onkel Jørgen gjekk dei ei tid hjå Kari Lønnestad. Ho er frå Bø i Telemark, men var lærar på folkemusikklinia på Valdres vidaregåande skule. Seinare lærte dei av Bergljot Hedda Lunde frå Etnedal. Ho hadde eit teknisk spel som passa Brøtagutadn godt. Gjennom arkivoptak har dei seinare utvida repertoaret sitt med teknikk og klangeeksperimentering etter Ola Brenno frå Sør-Aurdal og Olav Snortheim frå Vestre Slidre.

Etter mykje spel må leiken til pleie og vedlikehald, og slik kom dei i kontakt med instrumentmakar Oddrun Hegge og etter kvart systera Gunvor frå Øystre Slidre. Det vart avgjerrande for framtida, og systrene har sidan vore dei viktigaste lærermestrane deira. Gunvor og Oddrun gjorde dei ikkje berre til langeleikspelarar, men til mangesidige deltakarar i folkemusikkmiljøet.

Bedehussongen etter bestemor i Brøta har dei også teke fatt i og ført vidare. Eit samarbeid med songaren Bodil Haug frå Ål i Hallingdal har ført til konserter og ein CD, *Snart lyset sig mon svinge*, i 2005.

Ingar Ranheim

## BESTEFARLÅTEN

Lått etter Ola Brenno (1865–1957)  
Kopi av eldre valdreslangeleik  
*Knut solo*

Året er 1995. Bergljot Hedda Lunde (fødd 1978) bur på hybel hjå Mathea på Fagernes, og her slår vi oss til for å lære. Vi byrjar med «Bestefarlåtten», ein forsiktig springar i form etter Ola Brenno frå Bagn og dotter hans Ragna Brenno Frydenberg (1906–2006). Ifylgje Ragna hadde faren lært låtten av Eivind Groven (1901–1977) ein gong på 40-talet.

Ragna og Ola sitt låtteunivers skil seg ut. Mykje lèt likt som anna langeleikspel, men Brenno-låttane er mindre føreseielege i takt og rytme, pustar liksom på ein annan måte. Låtten høver godt saman med neste lått: ein halling etter Olav Snortheim.

## HALLING ETTER OLAV SNORTHEIM

Lått etter Olav Snortheim (1911–1988)  
Kopi av eldre valdreslangeleik  
*Knut solo*

Dette er ein lått som fyrt og fremst fengjer – ein enkel, repeterande og lettspelt lått i ei suggererande taktføring som smittar, som får kroppen til å gynge med. Vi har lært låtten av Kari Steinsrud (fødd 1961) frå Øystre Slidre ein gong på slutten av 90-talet. Ho har låtten etter eit opptak med Olav Snortheim frå Vestre Slidre. Vi har ikkje lært så mange låttar av Kari, men i låttesboka noterer vi mellom andre desse: «Gamle Guro» og «Velkommen att ifrå Beitegardo». Takk for låttane!

## GEITE-JEHANS-LÅTEN

Lått etter Berit på Pynte (1812–1899)  
Melodi skriven ned av Ludvig Mathias Lindeman, Valdres, 1865  
Langeleik etter Johannes Halden  
*Ole solo*

Skulemannen Hallvard Bergh (1850–1922) er sitert i *Valdres Bygdebok* (1973) og seier om Geite-Jehans at han «va væl kjende mæ dei underjordiske o lærde mange undale springara, hallinga o lyalåtta tå dei. Dæ seiest han va so glup te spela at jamvæl gjeitadn loto danse når han to te låte på fela». Vi har sett låtten saman med ein annan lått: «Tjednbalm» etter Ola Brenno:

## TJEDNBALN

Lått etter Ola Brenno  
Langeleik etter Johannes Halden  
*Ole solo*

I Hallingdal er låttenamnet knytt til garden Kinneberg på Gol, medan felelåtten i Valdres for det meste går under namnet «Svein i Sy’garde». Olav Snortheim og Ola Brenno omtala låtten som «Tjednbalm». Ragna Brenno Frydenberg forklara «tjednbalm» (tjernbarden) som det kvite skummet som ligg att i vasskanten etter ein frisk vind.

«Tjednbalm» har vi lært av Bergljot Hedda Lunde, men Ragna har gjeve innspel til utforminga av låtten. Ragna var heilstøypt som menneske og musikar. Det blir ein kanskje når ein nærmar seg 100? Då er det heller ikkje så farleg om låttane ikkje lèt slik dei ein gong gjorde. Og sviktar fingrane, så hullar ein berre vidare. Ragna hadde ei ikonisk kraft, bar stolt med seg musikkarven, men var høgst til stades i notida.

## SUMARMORGON

Komponert av Eivind Groven (1901–1977)  
Langeleik laga av Olav Viken

«Sumarmorgon» er så særeigen at det var den første låtten eg festa meg ved», fortel Eilev Groven Myhren, barnebarnet til Eivind Groven, som i si tid komponerte låtten utanfor hytteveggen på Tjørøe ein sommarkveld i 1953.

Vi høyrdé låtten første gong i 2000. Vi var med som gjestemusikarar på plata *I jolo saman* med Øyonn Groven Myhren. Under samarbeidet presenterte ho låtten og inspirerte oss til å setja han over på leiken. I dag er han ein av dei vakraste låttane i låtteporteføljen vår.

## LANGEBERGLÅTEN

Lått etter Ola Brenno  
Langeleik laga av Jørgen Dalen

«Det va ein gong det var messe i Bagn kjørkje, det skulle vore fysste messe etter reformasjon. Då presten va komin på predikstolen, so vart det eit lète ute som dei ikkje hadde då hørt før. Soleine so, veit du folka va vel nysgjerrige i dei ti’n, like so vel so dei vera no, tok dei te stela seg ut att or kjørkjun, då den og då den, te slutte vart presten att åleine, so då dei kom ut so stod det ei holder opp’på eit berg so er visst ovafor bygden der som kallast Langeberg. Ho stod der å stuta ein svært vakker lått. Men så veit du prestatn låg inn med mykje trøldom i dei ti’n, og soleine so sende han nøkre trøldomsord te henne, og detta fornarn ho nok visst, so ho vart sint og kasta try store steina. Då ho hadde kasta dei steinadrin, so kom det ein stor svart vér og stanga henne utover berget. Så det e den låtten ho stod der og stuta no so kallast Langeberglåtten.» Ola Brenno på eit opptak frå 1938.

## LEGDEKALLEN

Lått etter Ola Grihamar (1910–1978)  
Langeleik laga av Jørgen Dalen

«Legdekallen» er ein felelått, sett over på munnharpa av Erik Røine (fødd 1946) og Anders Erik Røine (fødd 1971) og sidan til langeleiken av Bergljot Hedda Lunde. Låtten har vi utvikla med åra og gjort han til vår: Her er mykje kjøt og saft, driv og kraft.

## HALLING ETTER BARBRO MYHRE

Lått etter Barbro Myhre (1893–1978)  
Langeleik laga av Jørgen Dalen

Vi har spelt i vel eit års tid. Vi er båe ivrige etter å lære meir, men leikane treng etter kvart stell og vedlikehald. Knottane er nedslitne, og kor er det blitt av snertane? Oddrun Hegge (fødd 1961) var instrumentmakar ved Valdres Folkemuseum på den tida og tok seg velvillig av knottane, snertane – og oss.

Slik er det framleis: Oddrun er ei musikalsk og instrumentfagleg klippe som vi alltid vender tilbake til, ei kjelde til informasjon og kunnskap om det vi driv med: historie, tradisjonslinjer, kjetleforsking, speleteknikkar og mykje, mykje meir.

Tidleg i langeleikkarrieren spelte vi òg mykje i lag, og vi lærte låttar saman. Til dømes denne etter eit opptak med Barbro Myhre frå Vang.

## KRISTAFØRVRENGJA

Lått etter Jørn Hilme (1778–1854)

Langeleik laga av Olav Viken

Ole solo

Jørnvrengjene, meisterstykka etter spelemannen Jørn Hilme, stod høgt på ynskelista over låttar vi skulle erobre. «Kristaførvrengja» var ein av dei. Vi har lært låtten av Oddrun Hegge, som har han i form etter far sin, Ingvar Hegge, som hulla han. Ein krevjande lått med store sprang og fleire utfordrande parti.

Ingvar (1917–2006) var fødd på Sørre Hegge i Øystre Slidre og var son til langeleikspelaren Guri Hegge (1884–1976), som blir omtala under neste lått. Ingvar var ein mykje omtykt historieforteljar og instrumentmakar. Ein glad og klok kar. Eit uttommeleg historileksikon og ein kulturberar, vil dei fleste seia, men òg ein kulturskapar som såg framover, og som skapte nyt. Ingvar er far til tre langeleikspelarar, alt nemnde Oddrun, Gunvor og Kari.

## ÅTTEN MED FRAMOVERSLAG

Lått etter Guri Hegge (1884–1976)

Langeleik laga av Olav Viken

«E ska spela ein lått, slek at ein sler berre framte med snerte», seier Guri Hegge på eit lydbandopptak. Ho kremltar og skrattar litt, og så set ho i gang. Guri var trufast mot tradisjonane, men modig nok til å overføre både radiomusikk og felelåttar til langeleiken. Vi har lært låtten delvis etter opptak med Guri, og av Gunvor Hegge (fødd 1955), barnebarnet til Guri.

Gunvor er i likskap med Oddrun syster eit inkluderande, hjartevarmt og oppmuntrande medmenneske og er utan tvil den vi har lært flest låttar av – men ikkje berre det. Samvær med Gunvor inkluderer òg turar i fjellet, politiske diskusjonar, heimelaga pizza og gulrotkake til dessert. Å lære å spela eit instrument betyr òg å lære eit heilt menneske å kjenne. Takk, Gunvor, for alle dei fine låttane vi har fått lære av deg – og for venskapen!





## TUSSELÅTTEN

Lått etter Olav Snortheim  
Langeleik laga av Olav Viken

«Tusselåtten» er eit meisterstykke, forma til av Olav Snortheim. Låtten veksler mellom det store og vesle, det skjøre og veldige. Ein halling som kan passe i så mange samanhengar, som lydarlått og danselått, i konserter, gravferder – og på fest.

Olav Snortheim var fødd på Midtre Snortheim i Røn i Vestre Slidre. Han hadde lært spel av mellom andre mor si, Ragnhild (1881–1973). Spelet til Olav var raffinert og eksperimentelt. Han sette notar under to strenger slik at han kunne nytte alle halvtonetrinna i oktaven. I tillegg brukte han ofte dobbel melodistreng over notane. Det gjorde det også mogleg å spela to ulike tonar samstundes. Låtten lærte vi i lag med Oddrun Hegge, våren 1996, etter opptak med Olav.

## REKVEHALLINGEN

Lått etter Olav Snortheim  
Langeleik laga av Olav Viken

«Rekvehallingen» er i god Snorheim-tradisjon. Olav Snorheim seier namnet er etter spelemannen Lars Rekve fra Telemark. Vi finn ingen Lars Rekve fra Telemark. Derimot er det flere spelemenn med namnet Rekve fra Bulken i Voss. Ein av desse var Olav Larsson (fødd 1796), som då truleg er sonen til Lars. Kan hende er dette ein lått etter denne Lars? Ein eldre av Rekvespelemennene, Nils (1777–1846), vart rekna som den fremste, og spelemann frå Telemark, mellom dei Knut Lurås (1782–1843) og Myllarguten (1801–1872), var på besøk hjå Nils. Ein lite brukt lått som fleire bør våge seg på.

## LIKFERDSSÆLMIN ÅT JOMA

Lått etter Olav Snortheim  
Langeleik laga av Olav Viken  
*Knut solo*

«All den kjærlegheit e te de bar sa'n, det var fjorten år og femten dar sa'n, men nu er den forgangen ut i aftensangen, sudeidideridei ...» Slik song Ingvar Hegge verset til springaren med det snodige namnet.

Bonden på Jome hadde mist kjerringa si, og dagen kom då ho skulle gravleggjast. Då kista var komen i jorda, spelte Jomin på fela. Fleire meinete han braut kyrkjefreden, og det vart kalla på presten. Det vart ein romsleg passiar, og presten konkluderte slik: «Bare fortsett og spill, du min mann.» Vi har låtten etter Gunvor og Oddrun Hegge og opptak med Olav Snortheim.

## KO FELA BRUEN DEN BREIE?

Leik etter Andris Eivindsson Vang (1795–1877)  
Melodi skriven ned av Ludvig Mathias Lindeman, Valdres, 1848  
Langeleik etter Johannes Halden  
*Ole solo*

Dette er ein variant av den meir kjende «Bro bro brille». Kjelde for songen er folkeminne-samlaren og songaren Andris Eivindsson Vang. Teksten og melodien skrev Ludvig Mathias Lindeman (1812–1887) ned på samlarferda si til Valdres i 1848. Melodien fungerer godt som overgang til neste lått: Springar etter Ulrik i Jensestogun.

## SPRINGAR ETTER ULRIK I JENSESTOGUN

Lått etter Ulrik i Jensestogun (1850–1919)  
Langeleik etter Johannes Halden  
*Ole solo*

I 1992 gav Håkon Asheim (fødd 1962) ut ein kassett med musikk etter aurdalsspelemannen Ulrik i Jensestogun. Sist på kassetten spelar Håkon denne springaren, ein fin lått som Knut har forma til på langeleiken.

Låtten blir spelt på ein leik som har vore i eiga til spelemannen Johannes Halden (1844–1936) frå Åbjør. I 1907 vitja han kong Haakon og dronning Maud på Slottet i Kristiania. «Kl. 13. En gammel bonde oppe», noterte kongen i dagboka si. Besøket må ha gjort inntrykk på Halden, som gav frå seg leiken til kronprins Olav, den gongen fire år.

## KLOKKELÅTT ETTER VESLE-GURI RØE

Lått etter Guri Hegge  
Langeleik laga av Olav Viken  
*Knut solo*

Kvifor gjer låtten så inntrykk kvar gong? Klokkelåttane krev sjeldan stor plass. Likevel står dei der, mektige og fine. Nokre fåe tonar. Om att og om att. Slitesterke. Låtten lærte vi i 2005 av Gunvor Hegge, som har han etter bestemor Guri. Låtten har vi sett saman med neste lått:



## SPRINGAR ETTER RAGNHILD I VIKEN

Lått etter Ragnhild Olsdatter Viken (1783–1861)  
Melodi skriven ned av Ludvig Mathias  
Lindeman, Valdres, 1848  
Kopi av eldre valdresleik  
*Knut solo*

Nedteikningane etter Ragnhild hører til dei eldste kjeldene til langeleikspel i Noreg. Skriftlege kjelder har også vore viktige bidrag til musikkutøvinga vår. Likevel framstår dei ofte litt fjerne, og berre tidvis kjem vi tett på og kan skapa oss bilete av dei, som menneske og musikarar. I byrjinga var det også slik vi såg Ragnhild Olsdatter Viken – som ein skugge frå ei anna tid. Sidan fann Knut ut at Ragnhild var tipp-tipp-tipp-oldemor vår.

Ei av dei som har arbeidd mest med tradisjonane etter Ragnhild, er langeleikspelaren Elisabeth Kværne (fødd 1953). Ho gjekk sjølv i lære hjå oldebarnet til Ragnhild, Jørgen Steinsvoll (1921–2003). Elisabeth formidlar musikken og tradisjonen med smittsam entusiasme. Ho har enorm kapasitet og oversikt. Elisabeth er domar på kappleikar, lærar i kulturskulen, har arbeidd med utstillings- og dokumentasjonsprosjekt, i tillegg til styrevrv i Rådet for folkemusikk og folkedans og mangt anna. Og så er ho gardbrukar, busett i Aurdal. Sjølv om vi ikkje har utveksla mange låttar, så deler vi same gleda over musikken. Og så nyt vi den store innsikta og kunnskapen som Elisabeth sit inne med. Takk, Elisabeth for lærdomen, samværet og den økologiske langeleik-musikken.

## SPRINGAR ETTER GURI HEGGE

Lått etter Guri Hegge  
Langeleik etter Johannes Halden  
*Knut solo*

Denne låtten er i form etter Guri Hegge. Ein typisk langeleiklått: To korte vek. Ein enkel lått, men med eit stort musikalisk potensial. Korleis skapa god musikk ut av nokre fåe tonar? Leiken er stemd djupt. Nokre tonar er på grensa til det sure, men vi tykkjer det kler låtten.

## FINSHAUGVALSEN

Lått etter Guri Hegge  
Langeleikar laga av Olav Viken

«Finshaugvalsen» har vi lært av Gunvor Hegge, som har han etter bestemor si, Guri. Finshaugen var husmannsplass under garden Dale i Dalsbygda i Øystre Slidre.

I boka *Vang og Slire*, utgjeven i 1916, skriv Tore Ey at det skal ha budd ein med namnet Find her på 1600-talet.

Vi har sjeldan behov for å endre på låttane. «Finshaugvalsen», slik vi spelar han på plata, er derimot ikkje heilt etter boka slik vi ein gong lærte han av Gunvor. Vi har teke oss nokre friheter og spelar han i moll, ikkje i dur. Vi har også arrangert han med to stemmer.

Oddrun Hegge fortel at bestemor Guri spelte låtten mykje i lag med sonen Olav Hegge (1910–1974), og far Ingvar mintest samspelet mellom mor Guri og bror Olav som eit fint barndomsminne.

## ØVINGSLÅTT

Lått etter Olav Snortheim  
Langeleikar laga av Olav Viken

Olav Snortheim var ein nyskapande og kreativ spelemann som snappa opp, skapte og vidareutvikla låttar herifrå og derifrå. Namnet – «Øvingslått» – seier at låtten har vore i bruk som øvingslått på kurs og samlingar. Låtten er enkel i forma og har i seg alle fingertekniske utfordringar som gjer han til eit fint øvingsstykke for ferske spelarar. Låtten har vi lært av Gunvor i heimen hennar i Djupedal, 7. november 2006.

## SANKT TOMAS-KLOKKELÅTTEN

Lått etter Ragna Brenno Frydenberg  
Langeleikar laga av Olav Viken

Låttane har kvar sine fargar og «indre» landskap. Denne har vi lært av Bergljot Hedda Lunde og noko etter Ragna Brenno Frydenberg, men det er ikkje desse damene vi får i tankane når vi klunkar i veg, men derimot tidlegare journalist, dansar og langeleikfan Esther Sonja Bergene – som uttrykte begeistring for låtten etter ein konsert på Slidrehuset på Fagernes for mange, mange år sidan.

Vinteren 1997 til 1998 var vi mykje på besøk hjå ei aldrande Ragna. Trass i høg alder og krokte fingrar lokka ho fram låttane på leiken, mellom anna denne fine klokkelåtten.



## TAKK TIL

Takk til alle flinke, dyktige og fantastiske lærmeistrar og ikkje minst til eit like fantastisk langeleikmiljø som har teke imot oss og inkludert oss i folkemusikkverda. Ein særskild takk til Oddrun Hegge, Gunvor Hegge, Elisabeth Kværne, Bergljot Hedda Lunde, Kari Steinsrud og Kari Lønnestad.

Takk til alle dei som har inspirert oss til å halde fram og dyrke langeleiken, som har heia og klappa og dytta oss fram: mor Anne Marie, far Tor, Siv syster, Ivar svoger, dei søte småjentene deira Johanne og Ingeborg, og Knut Olav.

Takk til alle som har hjelpt oss økonomisk: Etnedal kommune, Nord-Aurdal kommune, Vang kommune, Øystre Slidre kommune, Valdres Natur- og Kulturpark, DNB, Fond for lyd og bilde og Norsk kulturråd. Takk til plateselskapet Ta:lik og Frode Rolandsgard og Niels J. Røine for hjelp og kloke råd. Og til Jan Erik Kongshaug i Rainbow Studio i Oslo for godt handverk og eit godt øyre.

Takk til fotograf Ingvil Skeie Ljones, grafikar Eva Karlsson, hesteeigar Bente Oxhovd og hotellvert Atle Hovi.

Takk til Aud Søyland, Eilev Groven Myhren, Dagne Groven Myhren og Eivind Grovens institutt for reinstemming, Frank Rolland og Ingar Ranheim for språkvask og verdifull gjennomgang av tradisjonsstoffet.

Takk til bestemor Borghild Bråten (1918–1994) som song og spelte for oss i barndomen, og som lærte oss tre grep på gitaren. Og ikkje minst takk til onkel Jørgen Dalen (1923–2013) – vår fyrste læremeister, som lærte oss «Gubben Noa» og «Dalalåtten», og som synte oss kva ekte musikkglede kan vera!



## INSTRUMENTLISTE

Brottagutadn spelar på til saman seks forskjellige leikar på denne plata:

*Jørgen Dalen* (1923–2013): langeleik, skala etter ei seljefløyte (1994)

*Jørgen Dalen*: langeleik, skala etter ei seljefløyte (1994)

*Olav Viken* (1921–2005): langeleik (1994)

*Olav Viken*: langeleik (1983)

*Oddrun Hegge*: langeleik, kopi av eldre leik frå Vestre Slidre (1997)

*Ukjent makar (ikring 1900)*: langeleik tidlegare eigd av spelemannen

Johannes Halden (1844–1936), i dag eigd av Eli Jorun Syvrud (oldebarn)



Ole and Knut Aastad Bråten (1976–) are from Valdres and have played *langeleik* since they were 16 years old. They both have connections to a number of tradition lines, including Ola Brenno (1865–1957) and Olav Snorheim (1911–1988). Their main teachers have been Oddrun (1961–) and Gunvor (1955–) Hegge, as well as Bergljot Hedda Lunde (1978–). Together they have contributed to an upswing for *langeleik* music in Norway during the past 20 years.

Knut and Ole have won the class for *langeleik* at *Landskappleiken* (Norway's annual national folk music competition) a total of 10 times. In 2006 Knut won the royal trophy at *Landskappleiken* in Beitostølen. Ole won the royal trophy in 2014 at *Landskappleiken* in Geilo. Both brothers have participated in competitions and concerts throughout Norway, and they have contributed on several recordings, including *Snart lyset sig mon svinge* (2005) and *I jøla* (1998). Knut and Ole both hold master's degrees in cultural history from the University of Oslo.

## BESTEFARLÅTTEN

Tune after Ola Brenno (1865–1957)  
Played by Knut

A careful *springar* in a form after the playing of Ola Brenno from Bagn and his daughter, Ragna Brenno Frydenberg (1906–2006). According to Ragna, her father learned the tune from composer Eivind Groven (1901–1977) during the 1940s. The tune fits well with the next tune, a *halling* after Olav Snortheim.

## HALLING ETTER OLAV SNORTHEIM

Tune after Olav Snortheim (1911–1988)  
Played by Knut

A simple, repetitive, and easy-to-play tune in a hypnotic, infectious rhythm that gets the body moving. We learned this tune from Kari Steinsrud (1961–) from Øystre Slidre.

## GEITE-JEHANS-LÅTTEN

Tune after Berit på Pynte (1812–1899)  
Played by Ole

In *Valdres Bygdebok* (1973), Hallvard Bergh (1850–1922) writes that Geite-Jehans “was acquainted with the gnomes and goblins and learned many strange *springar*, *halling*, and listening tunes from them”. We have linked this tune with the next tune, “*Tjednbalm*”, after Ola Brenno:

## TJEDNBALN

Tune after Ola Brenno  
Played by Ole

We learned “*Tjednbalm*” from Bergljot Hedda Lunde, but Ragna Brenno Frydenberg also gave us suggestions regarding the tune’s form.

## SUMARMORGON

Composed by Eivind Groven (1901–1977)

We heard this tune for the first time in 2000. We were guest musicians on the album

*I jolo* with Øyvonn Groven Myhren, who introduced the tune to us – and inspired us to transfer it to the *langeleik*. Today it is one of the most beautiful tunes in our repertoire.

## LANGEBERGLÅTTEN

Tune after Ola Brenno

A legend is linked to this tune: during a church service in Bagn, the priest is interrupted by beautiful music coming from afar. The congregation disappears out onto the church grounds to see what’s happening. And there, on Langeberget, they see a *hulder* (a mischievous wood nymph) playing a cow horn very beautifully. The priest shouts some magic words at her, and she turns to stone. Today, the *hulder*’s tune is called “*Langeberglåtten*”.

## LEGDEKALLEN

Tune after Ola Grihamar (1910–1978)

This is originally a fiddle tune which Anders E. Røine (1971–) and Erik Røine (1946–) transferred to the jaw harp – and which Bergljot Hedda Lunde later transferred to the *langeleik*. We learned the tune from her.

## HALLING ETTER BARBRO MYHRE

Tune after Barbro Myhre (1893–1978)

We learned this tune from a recording of Barbro Myhre from Vang. We learned it with Oddrun Hegge. A good, entrancing dance tune.

## KRISTAFØRVRENGJA

Tune after Jørn Hilme (1778–1854)  
Played by Ole

This tune is fiddler Jørn Hilme’s masterpiece. We learned the tune from Oddrun Hegge, and she learned it from her father, Ingvar (1917–2006), who sang it.

## LÅTTEN MED FRAMOVERSLAG

Tune after Guri Hegge (1884–1976)

Guri Hegge from Øystre Slidre was loyal to tradition, but was bold enough to reproduce both radio music and fiddle tunes on the *langeleik*. We learned this tune partly from recordings of Guri, and partly from Gunvor Hegge, Guri’s granddaughter.

## TUSSELÅTTEN

Tune after Olav Snortheim

This tune alternates between the large and the small, the delicate and the immense – and is suitable in many contexts, as a listening tune and a dance tune, at concerts, funerals, and parties. We learned the tune with Oddrun Hegge, from a recording of Olav Snortheim.

## REKVEHALLINGEN

Tune after Olav Snortheim

“*Rekvehallingen*” was, in good Snortheim tradition, formed by Olav Snortheim himself. The tune is not very complicated, and contains many repetitions. An uncommon tune that more people should explore.

## LIKFERDSSÆLMIN ÅT JOMA

Tune after Olav Snortheim  
Played by Knut

The farmer at Jome’s wife had passed away, and the day came when she was to be buried. When the coffin was interred, Jomin played on his fiddle. Many people thought he had violated the sanctity of the church grounds, and the priest was summoned. They had a good-natured chat, and the priest told Jomin: “Just continue playing, my man.” We learned the tune from Gunvor and Oddrun Hegge, and from a recording of Olav Snortheim.

## KO FELA BRUEN DEN BREIE?

Tune after Andris Eivindsson Vang (1795–1877)  
Played by Ole

A variant of the more well-known tune, “*Bro bro brille*”. The source for the song is folklore collector and singer Andris Eivindsson Vang. The text and melody were transcribed by Ludvig Mathias Lindeman in 1848. The melody works well with the next tune: “*Springar etter Ulrik i Jensestogun*”.

## SPRINGAR ETTER ULRIK I JENSESTOGUN

Tune after Ulrik i Jensestogun (1850–1919)  
Played by Ole

In 1992 Håkon Asheim (1962–) released a cassette of music in tradition after Aurdal fiddler Ulrik i Jensestogun. This *springar* is the last tune Håkon plays on the cassette. A very nice tune. Knut played the cassette many times before he found a form that was suitable for the *langeleik*.

## KLOKKELÅTT ETTER VESLE-GURI RØE

Tune after Guri Hegge (1884–1976)  
*Played by Knut*

The “bell tunes” (*klokkelåttane*) demand an unusually large amount of space. Nevertheless, they stand there, powerful and fine.

A few notes. Over and over again. Durable. We learned this tune in 2005 from Gunvor Hegge, who learned it from her grandmother, Guri. We have linked this tune with the next tune:

## SPRINGAR ETTER RAGNHILD I VIKEN

Tune after Ragnhild Olsdatter Viken (1783–1861)  
*Played by Knut*

When folk music collector Ludvig Mathias Lindeman (1812–1887) was travelling in Valdres in 1848, he transcribed 11 tunes after the playing of Ragnhild Olsdatter Viken, who was from Vike, next to the Strøndafjord in Nord-Aurdal. She was our great-great-great-grandmother. This is one of the tunes Lindeman transcribed.

## SPRINGAR ETTER GURI HEGGE

Tune after Guri Hegge  
*Played by Knut*

We don't know who Guri Hegge learned this tune from. The tune has two short sections. It is a relatively simple tune, but it has great musical potential. How does one create good music using only a few notes? The *langeleik* is in a low tuning. Some of the notes come close to being out of tune, but we think this suits the tune.



## FINSHAUGVALSEN

Tune after Guri Hegge

We learned “Finshaugvansen” from Gunvor Hegge, who learned it from her grandmother, Guri Hegge. Finshaugen was a tenant farm under the Dale farm in Dalsbygda in Øystre Slidre. We rarely feel the need to modify tunes. This version of “Finshaugvansen”, on the other hand, is not completely “by the book” as we once learned it from Gunvor. We have arranged it for two voices.

## ØVINGSLÅTT

Tune after Olav Snortheim

Olav Snortheim calls this lyrical listening tune “Øvingslått” (“Practice tune”). The name indicates that the tune has been used as a practice tune at courses and sessions. The form of the tune is simple, and contains all of the technical challenges that make it a good étude for new players. We learned the tune from Gunvor at her home in Djupedal on November 7, 2006.

## SANKT TOMAS-KLOKKELÅTTEN

Tune after Ragna Brenno Frydenberg

Every tune, including this little listening tune, has its own individual colour and “inner” landscape. We learned this tune from Bergljot Hedda Lunde, as well as Ragna Brenno Frydenberg.

- 01 **BESTEFARLÅTTEN** og **HALLING ETTER OLAV SNORTHEIM** 02:45
- 02 **GEITE-JEHANS-LÅTTEN** og **TJEDNBALN** 02:48
- 03 **SUMARMORGON** 03:48
- 04 **LANGEBERGLÅTTEN** 03:08
- 05 **LEGDEKALLEN** 02:11
- 06 **HALLING ETTER BARBRO MYHRE** 03:38
- 07 **KRISTAFØRVRENGJA** 02:37
- 08 **ÅTTEN MED FRAMOVERSLAG** 01:57
- 09 **TUSSELÅTTEN** 03:04
- 10 **REKVEHALLINGEN** 03:52
- 11 **LIKFERDSSÆLMIN ÅT JOMA** 01:46
- 12 **KO FELA BRUEN DEN BREIE?** og  
**SPRINGAR ETTER ULRIK I JENSESTOGUN** 02:01
- 13 **KLOKKELÅTT ETTER VESLE-GURI RØE** og  
**SPRINGAR ETTER RAGNHILD I VIKEN** 02:16
- 14 **SPRINGAR ETTER GURI HEGGE** 01:25
- 15 **FINSHAUGVALSEN** 02:53
- 16 **ØVINGSLÅTT** 02:09
- 17 **SANKT TOMAS-KLOKKELÅTTEN** 01:45

Innspeling, miksing og mastering:  
Rainbow studio v/Jan Erik Kongshaug  
Foto: Ingvil Skeie Ljones  
Grafisk design: Eva Karlsson  
Engelsk omsetjing: Laura Ellestad  
Tilskot frå: Etnehal kommune, Nord-Aurdal  
kommune, Vang kommune, Øystre Slidre  
kommune, Valdres Natur- og Kulturpark, DNB,  
Fond for lyd og bilde og Norsk kulturråd